

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	05.09.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/80216-2
<b>Dykkar referanse</b>	22/5779 - 22/63235
<b>Sakshandsamar</b>	Sigrun Wølstad
<b>E-post</b>	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
<b>Telefon</b>	96944535

## Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gnr. 425 bnr. 1 - Haugland - Alver kommune

Vi viser til Dykkar brev av 22.08.2022 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Haugland i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte landbruksvegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.


### Automatisk freda kulturminne i hogstområdet

I hogstområdet er det registrert eit automatisk freda kulturminne, Askeladden id. 90941. Vi viser i den samanheng til kulturminnelova § 3:

Ingen må – uten at det er lovlig etter [§ 8](#) – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.

Det automatisk freda kulturminne skal sikrast i samband med hogstarbeid/inngrep i området. Kulturminne skal tydeleg markerast/gjerdast inn, 5 meter utanfor sikringssona til kulturminne. Det er ikkje tillat å drive hogst innanfor markeringa.

Om det er ynskjeleg kan vi sende tiltakshavar/hogstfirmaet shape-filene til kulturminne.




Figur 1. Rune R visar Automatisk freda kulturminne med tilhørende sikringszone innanfor hogstområdet

Seksjon for kulturarv ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigar om at vi skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova.

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/kva-saker-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>

Delar av hogstområdet markert på innsende situasjonsplan, har potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne, jf. Kulturminnelova § 4. Dette gjeld i hovudsak område som ligg mellom 10 og 25 moh. Nedanstående kart viser desse:



Figur 2. Høgdekart

Varsellet skal innehalde følgjande informasjon:

- Gnr – Bnr – kommune

- Kart over hogstområdet og eventuelle planlagde driftsvegar, velteplassar m.m.
- Planlagt oppstartsdato
- Kontaktperson – e-post og organisasjonsnummer

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)

**Sigrun Wølstad**  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ARNE SIGBJØRN HAUGLAND

LISTVEITVEGEN 49